

## BOKN KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Torsdag **28. mai 2015** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Daghild G. Alvestad.

**MØTESTAD:**

Boknatun, allrommet, 2. etasje

**MØTESTART/-SLUTT:**

kl. 17.00 – kl. 18.30

**MØTANDE MEDLEMMER:**

Daghild G. Alvestad (Sp) og Christine Berge Christiansen (A)

3. vara Rune Vatnaland

**FORFALL:**

Olav Lande Rossebø (H)

**FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:**

Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

**FRÅ REVISJONEN MØTTE:**

Revisor/partner Else Holst-Larsen, Deloitte, Hgsd og seniorkonsulent Kari Gåsemeyr, Deloitte as, Bergen i alle, men ikkje i sak 10/15

**ANDRE SOM MØTTE/DELTOK:**

Ordførar Kyrre Lindanger og kommunalsjef Solrunn Alvestad

**MERKNADER TIL INNKALLING:**

Utalet og sekretær støtta varamedlem om at forfall kunne vore meldt frå tidligare

**MERKNADER TIL SAKLISTE:**

Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: sak 6, 8, 9, 11, 7 og 10/15

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 6/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.02.15

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.02.15 blir godkjent slik den ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.05.15:**

Utalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.15:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.02.15 blir godkjent slik den ligg føre.*

## SAK 7/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.05.15

10. Statusoversikt pr. mai 2015
11. Kst-vedtak 17.03.15, sak 3/15 – kontrollutvalet si årsmelding 2014
12. Kst-vedtak 17.03.15, sak 4/15 – rapport – forvaltningsrevisjon- Samhandlingsreforma
13. Kontrollrapport 2014 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen for Bokn kommune
14. «Kom godt ut av tilsyn» - fra Haugesunds Avis 24.03.15- selskapskontroll – Hgl Kraft
15. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
16. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding
17. Representantskapsmøte 27.04.15 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 18.05.15 – Krisesenter Vest IKS
19. Representantskapsmøte 20.05.15 – Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) IKS
20. Generalforsamling 01.06.15 – Haugaland Kraft AS
21. Representantskapsmøte 11.06.15, kl. 14.00 på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
22. Generalforsamling 16.06.15 – Haugalandspakken AS
23. Samarbeidsavtale mellom Haugesund kommune og Bokn kommune om skattekrevjarfunksjonen frå 01.06.15

### **Handsaming i kontrollutvalet 28.05.15:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Det blei delt ut «jubileumspennar» i samanheng med at Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS har markert 10-års jubileum.

Sekretariatet har gjennomført ei brukarundersøking med gode tilbakemeldingar. Utvalet hadde ingen merknader til dei andre referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.15:**

*Referatsakene 10- 23 blir tatt til orientering.*

## SAK 8/15 ÅRSREKNESKAPEN 2014 - KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

### **Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2014 slik den ligg føre / med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september 2015 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet 28.05.15:**

Kommunalsjef meinte kommunen hadde kome bra ut av det, med eit overskot på 3,3 mill. kr. Negativt brutto driftsresultat skuldast at det i fjar var blitt ført midlar tilhøyrande Haugalandrådet i kommunen sitt rekneskap og som no er korrigert. Lånegjelda er på 32 mill. og vert no i desse dagar sendt ut på anbod med 1/3 med fast rente, 1/3 med flytande og 1/3 varierande. Sjølvkostområda har positivt resultat og vil bli sett på fond. Innafor dette feltet er det mange reglar og ho har meldt seg på kurs til hausten.

På spørsmål om innkrevjingsrutinar blei det opplyst at kommunen hadde ein heil del uteståande. Blant desse krava var nokon krav kanskje ikkje rette, men dei vurderte å sette ut inkassotenenestene til privat firma. Både revisor og utvalet anbefalte det, då det er viktig for folk at krava ikkje veks og blir heilt uoverkommelege.

Oppdragsansvarleg revisor hadde gjeve rein melding, men peika på at det i år igjen var avlagt for sein årsmelding. Ho meinte det var betre å laga ein eigen »årsberetning» som inneholdt dei krav som kommunelova sett, og at det i årsmeldinga vert via plass til resultatområda sine aktiviteter. Vidare peika ho på at investeringsrekneskapen stemmer dårlig med budsjettet og anleggsregisteret må oppdaterast; så her må det lagast nye rutinar.

Utvalet var nøgd med kommentarane og svar på sine spørsmål, men ønskte i år tilbakemelding på revisor sine merknader.

#### **Samrøystes vedtek i kontrollutvalet 28.05.15:**

*Bokn kontrollutval vedtek slik uttale til kommunerekneskapen for 2014::*

*Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2014 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 3,3 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 3 mill. kr. Det utgjer 3,3 % av driftsinntektene, som er litt under resultatet i fjar, men over Teknisk Berekningsutval sin nye tilrådde resultatmargin på 1,75 %.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2014, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2014 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2014 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.14.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2014.*

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september 2015 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.*

#### **SAK 9/15 RAPPORT – SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSPARK AS**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

1. Bokn kommunestyre tar Deloitte sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS» til orientering.
2. Rapporten vert oversendt rådmannen, representantskapet og selskapet sitt styre og leiinga for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Det vert gjeve tilbakemelding til eigarkommunane sine kommunestyre via kontrollutvala om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.05.15:**

Seniorkonsulent Kari Gåsemyr gjorde greie for bakgrunn for saka, revisor sitt mandat, dei ulike problemstillingane og revisor sine tilrådingar til selskapet og eigarkommunane. Konklusjonen var at det var to avvik frå aksjelova og nokre forbettingspunkter, men elles kom selskapa godt ut av kontrollen.

Eigarkommunane har no utarbeida eigarstrategi overfor selskapet. Denne vil blitt lagt fram til politisk handsaming i vår/sommar. Utvalet hadde spørsmål om grensedraging mellom dei ulike divisjonane. Revisor meinte dei nytta eit system for å skilje dei ulike kostnadene. Elles ingen merknader og utvalet slutta seg til innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.15 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Bokn kommunestyre tar Deloitte sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS» til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen, representantskapet og selskapet sitt styre og leiinga for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Det vert gjeve tilbakemelding til eigarkommunane sine kommunestyre via kontrollutvala om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyret sitt vedtak.*

**SAK 10/15 REVISJONSTENESTER 2016-2020 - KONKURRANSEGRUNNLAG**

**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontrollutval ber sekretariatet sette i gang arbeidet med å få lagt ut anbod på revisjonstenestene i Doffin.no før sommaren 2015 og sak om val av ny revisor for perioden 2016-2020 vert lagt fram hausten 2015.

Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å godkjenne endeleg konkurransegrunnlag i samsvar med sekretariatet sitt framlegg.

Saka vert sendt kommunestyret til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.05.15:**

Revisorane frå Deloitte gjekk før handsaming av saka. Sekretær orienterte om bakgrunn for saka, innhaldet i framlegg til konkurransegrunnlag. Det inneholdt mellom anna kravspesifikasjon, generelle vilkår for tenestekjøp, kontraktutkast, krav til dokumentasjon og prisskjema m.m.

Kontrollutvalet støtta framlegget til konkurransegrunnlag, knytte til type anbod, avtaleperiode, tildelingskriterier og den vidare prosess. Utvalet gav utvalsleiar mynde til å godkjenne endeleg konkurransegrunnlag.

Ordførar gjorde merksam på at kommunestyremøta til hausten er sett opp 22.09 og 15.12, og sekretariatet og utvalet ville leggje opp til at sak om val av revisor kjem opp i september.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.15 og til kommunestyret som orienteringssak:**

*Bokn kontrollutval ber sekretariatet sette i gang arbeidet med å få lagt ut anbod på revisjonstenestene i Doffin.no før sommaren 2015 og sak om val av ny revisor for perioden 2016-2020 vert lagt fram hausten 2015.*

*Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å godkjenne endeleg konkurransegrunnlag i samsvar med sekretariatet sitt framlegg.*

*Saka vert sendt kommunestyret til orientering.*

**SAK 11/15 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2015**

**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ..... til neste møte.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.05.15:**

Utvalsleiar innleia. Tidligare prosjekt har vore om økonomisk sosialhjelp og samhandlingsreforma. Prosjekt om handtering av sjukefråveret, pasient- og brukarrettar innan helse/omsorg, barnevernet og post-arkiv-systemet i kommunen blei drøfta. Alle blei omtala av utvalet som viktige tema å få sett søkjelyset på. Kontrollutvalet i Karmøy har no tinga prosjekt om barnevernet og utvalet ønskte rapporten når det var klar. Det blei opplyst at administrasjonen har avtalt møte i juni med Arbeidslivssenteret om arbeidsnærvær. Innan dette feltet finnast klare retningslinjer. Utvalet viste til fjarårets orientering om post/arkiv, men var oppteken av at dette var så viktig å få på plass at dei ønskte meir fokus på dette området ved å velje det som neste forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Revisor meinte ho kunne komme med framlegg til eit prosjektmandat til møtet til hausten. Sekretær gjorde merksam på at budsjettet til Bokn er på under 70 timer til forvaltningsrevisjon.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.14:**

*Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat om eit forvaltningsrevisjonsprosjektt om post/arkiv-handteringen i Bokn kommune til møtet til hausten innan budsjetttramme til Bokn kommune.*

**Eventuelt**

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er neste møte torsdag **3. september** kl. 17.00.

Bokn, 28. mai 2015

Daghild G. Alvestad  
leiari (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær (sign.)